



Kultursjefen skal over til Husnes

Om eitt års tid vil kulturkontoret i kommunen flytta frå Rosendal til Husnes. Det har lenge lege i korta at uskedeling og kultursjef Kristian Olav Bringedal og kulturkonsulent Linda Øen skal til Husnes men det vil ikkje skje i samband med innflyttinga no i vår. Målet er å få flyttinga gjort tidleg neste år, seier Bringedal til Kvinnheringen.

Flyttinga av kulturseksjonen heng saman med omorganiseringa av dei kommunale tenestene der mellom anna flyktningekontoret, vaksenopplæringa, Aktiv fritid og støttekontaktane blir lagt inn under kulturverksemda.

Kjellaren i det noverande kulturhuset skal hysa desse aktivitetane,

Foto: Kvinnheringen